



Kommunane i Møre og Romsdal

## Samfunnstryggleik og beredskap – kommuneretta aktivitet i 2015

Fylkesmannen gir i dette brevet ei førebels orientering om kommuneretta aktivitet på samfunnstryggleik- og beredskapsområdet i 2015. Dei viktigaste aktivitetane er oppsummerte i tabellen nedanfor og nærare omtalte i dei påfølgjande avsnitta.

Tid og stad	Aktivitet	Målgruppe
03.-04.06.2015 Angvika	Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar.	Kommunale beredskapsmedarbeidarar
26.-27.08.2015 Geiranger	Åkneskonferansen 2015. Fagkonferanse om beredskap mot fjellskred og flodbølger	Kommunar med behov for beredskap mot fjellskred og flodbølger. (komm. ved Storfjorden og Rauma)
12.11.2015 Molde	«Ordførardag». Fagseminar om ordførarrolla i beredskap og krisehandtering	Attvalde og nyvalde ordførarar
10.12.2015 Molde	Regionalt brukarforum for CIM.	Administratorar og andre CIM-brukarar i kommunane
Heile året	Tilsyn med kommunal beredskapsplikt i 15 kommunar. Sjå nærare omtale nedanfor.	Nøkkelpersonar i dei aktuelle kommunane sine beredskapsorganisasjonar.

Førebels ber vi om at informasjonen vert distribuert internt og at datoane vert reserverte. Nærare informasjon om program og påmelding kjem etter kvart, og oppdatert informasjon er til ei kvar tid tilgjengeleg i kurs- og konferansekalenderen på fylkesmannen sin nettstad.

### 3. og 4. juni i Angvika: Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar

Dette er den faste, årlege fagsamlinga for kommunane sine beredskapsmedarbeidarar – tilsvarande opplegg som på Finnøya i juni 2014.

Årets samling er lagt til Angvik Gamle Handelsted i Gjemnes kommune. Programmet er ikkje klart, men vi satsar på å stille i stand økter med ei god blanding av erfaringsdeling, presentasjon av nytt og nyttig, konkrete avklaringar av det alle lurar på, diskusjon av det diskutabile og inspirasjon som kan takast med heim. Vi er elles svært interesserte i forslag og ønskje til programmet.

### 26. og 27. august i Geiranger: Åkneskonferansen 2015

Fredag 28. august er det premiere for «Bølgen», den første norske katastrofefilmen. Handlinga tek utgangspunkt i eit fjellskred ved Åkneset og påfølgjande flodbølge i Storfjorden. For å etablere ein samtidig arena for presentasjon av faginformatjon, vert det arrangert ein fagkonferanse i Geiranger. Målet er å presentere status og framtidsutsikter for både risikoen og handteringa: overvaking, varsling og beredskap – men også potensialet som ligg i stabiliserande tiltak som drenering. Konferansen blir også startskotet for planlegging

av ei stor øving med fjellskredscenario i 2016. Målgruppa for konferansen er alle som har beredskapsansvar og oppgåver knytt til fjellskred og flodbølger, blant anna kommunane ved Storfjorden og Rauma.

### **12. november i Molde: «Ordførardag»**

14. september er det kommunestyreval, og i vekene som følgjer blir det klart kven som blir ordførarar dei neste fire åra. Kort tid etter arrangerer fylkesmannen eit fagseminar om ordførarrolla i beredskap og krisehandtering. Det blir føredrag, kanskje nokre praktiske oppgåver med mikrofon og kamera framfor nasen, men mest av alt blir det erfaringsdeling frå ordførarar som har vore ute våte haustkveldar og mørke vinternetter før. Målgruppa er *nyvalde og attvalde ordførarar og varaordførarar*. Ofte er det nettopp varaordføraren som må hive seg rundt den dagen noko skjer.

### **10. desember i Molde: Regionalt brukarforum for CIM**

Slik som i desember 2014 arrangerer vi også i år ei kort dagssamling med presentasjon og diskusjon av nytt og nyttig om CIM.

### **Heile året: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt**

I samsvar med forskrift om kommunal beredskapsplikt skal fylkesmannen føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. I 2013 og 2014 er det ført tilsyn med 21 kommunar, og i år står dei siste 15 for tur: *Skodje og Rauma* (allereie gjennomført), *Nesset, Gjemnes, Averøy, Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Rindal, Halså, Aure, Smøla, Kristiansund, Molde og Ålesund*. Vi tek direkte kontakt med kvar enkelt kommune for nærare avklaringar om tidspunkt og gjennomføring.

### **Litt om øvingar**

Fylkesmannen har ikkje planlagt ny Fårikål-øving i år. Gjennom året kjem vi til å gjennomføre to uvarsla varslingsøvingar, men i fårikålsesongen prioriterer vi ordførardagen.

Kvart år er det fleire kommunar som etterspør fylkesmannen si hjelp til å gjennomføre mindre diskusjonsøvingar – oftast for eiga kriseleing, eventuelt saman med lokale samarbeidspartar. Dersom vi får ei konkret bestilling og rimeleg tid på oss, hjelper vi gjerne til. Nøll ikkje med å ta kontakt for ein uforpliktande samtale.

### **Oppsummering**

Målet med dette brevet er å orientere om kommuneretta aktivitet i 2015. Vi ber om at informasjonen blir distribuert internt og datoane vert reserverte. Nærare informasjon vil kome etter kvart. Ta gjerne kontakt ved behov for utfyllande opplysningar.

Med helsing

Ketil Matvik Foldal (e.f.)  
Fylkesberedskapssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*